

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Onsdag, 13.05.2020 kl. 14.00, f-salen, rådhuset

SAKLISTE:

- Sak 08/20 Meldingar.
- Sak 09/20 Godkjenning av møtebok frå møte 22.04.2020.
- Sak 10/20 Årsmelding 2019 Sykkylven kommune.
- Sak 11/20 Årsrekneskapen 2019 Sykkylven kommune.
- Sak 12/20 Risiko- og vesentlegvurdering – innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)

Sak 08/20 Meldingar.

Melding nr. 1, Rapportering rekneskapsrevisjon 2019 Sykkylven kommune. Vedlagt brev frå Møre og Romsdal Revisjon SA til Sykkylven kontrollutval datert 29. april 2020.

Til kommunestyret i Sykkylven kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune som viser kr 433 564 164 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 9 559 579. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av *Rådmannens årsmelding*, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver vert det vist til:

www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Valldal, 27. mars 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA

Anne Nygård

Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 22. april 2020
Møtestad: telefon fjermøte kl.15.00

Møtet var leia av: Leonhard Vårdal
Elles deltok: Grethe Melseth, Petter Hole-Drabløs og Kjellaug Roald. Torbjørg Midtgård hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Møtet var eit orienteringsmøte.

Det blei diskutert litt rundt korona-krisa og konsekvensar for fysiske møte i kontrollutvalet. Nokon var fortrulig med bruk av Teams, og nokre hadde ikkje kunnskap om dette.

Neste møte i kontrollutvalet er avtalt til onsdag 13. mai kl. 14.00. Dette vil kunne bli eit Teams-møte om ikkje restriksjonane endrar seg.

Sekretariatet vil då arrangere dette frå rådhuset i Sykkylven (f-salen), og dei som ynskjer det av medlemmane kan delta frå f-salen. Kommunerevisjonen og eventuelt andre kan då kople seg på via Teams. Fleire av medlemmane uttrykte ønskje om dette. Sekretariatet vil ha tett dialog med kommunen for å avklare om dette er aktuelt.

Møtet var slutt kl. 15.15

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Som pdf vedlegg følger:

Årsmelding 2019 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sykkylven kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 11/20 Årsrekneskapen 2019 Sykkylven kommune.

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2019 – Sykkylven kommune datert 27. mars 2020.
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 3 a), framgår det at kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt.

Ein gjer merksam på at for rekneskapsavleggelsen 2019 gjeldar lovregelen og forskrift i kommunelova av 1992 (førre kommunelov).

Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk.

Grunnlaget for handlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale til kommunestyret :

Sykkylven kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til

Sykkylven kontrollutval
Kommunedirektøren i Sykkylven kommune

Rekneskapsrevisjon 2019 – Sykkylven kommune

Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon SA har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2019 for Sykkylven kommune.

Vår oppgåve er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gi ei uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2019. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommuner mv.

Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Sykkylven kommune

Testing av rutinane for utbetaling av startlån

Kommunen har utarbeidd eigne retningsliner for startlån med bakgrunn i Husbankens forskrift om startlån. Denne er sist endra 06.05.2019.

Kommunestyret har vedtatt å ta opp lån i Husbanken på kr 10 millionar for å bruke til startlån i 2019. Da vi gjennomførte vår kontroll 19.11.19 var det løyvd 4 lån på til saman kr 7 035 000. Vi plukka ut 2 av desse for kontroll.

Lån nr. 1, kr 825 000 er i henhold til tilsegn. Dette er eit refinansieringslån og søkjaren er innafor målgruppa til Husbanken. Utbetalingsoppmoding er sendt til Lindorff, som har betalt i medhald av brev frå økonomikontoret. Brevet er signert av to personar, der ein har tilvisingsrett. Alle lånedokument er korrekt fylt ut og stettar gjeldande forskrift frå Husbanken og retningsliner frå Sykkylven kommune.

Lån nr. 2, kr 2 000 000. Dette er lån til kjøp av bustad. Kjøpekontrakt, lånevilkår, budsjett og nedbetalingsplan er ein del av bilaget i rekneskapen. Med unntak av at tilvist utbetalingsordre mangla, stettar dokumenta retningslinjene. Manglande utbetalingsordre vil bli ordna av økonomikontoret.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Med unntak av manglande formell tilvising av utbetaling av lån nr. 2, meiner vi at dei kontrollane som kommunen gjer er tilfredsstillande.

Rutinar og reglement for gjelds- og finansforvaltning

Finansreglement og finansrutinar vart attestert av oss i 2016. Finansreglementet vart vedteke av kommunestyret i 2019, og det tilfredsstillar kravet om behandling av finansreglement ein gong i kvar valperiode. Interne rutinar, som er eit administrativt dokument, er datert 30. mars 2016.

Rapportering skal gjennomførast minst to gonger i året, saman med tertialrapportering. Finansrapporteringa for 2. tertial 2019 er en del av Regnskapsrapport per august. Det er spesifisert langsiktig gjeld, kassekredittlån frå 2015 med saldo per dato, oversikt over låneopptak, graf over renteutvikling, rentevilkår på innlån og innestående, og graf over likviditet gjennom året.

I Finansreglementet står det at det skal være ein tabellmessig rapportering per tertial, mens det skal gjerast analyser ved årsrapporteringa. På tertial står det at det skal rapporterast på mål og avvik. Vi kan ikkje sjå at det er satt opp mål og eventuelle avvik frå målet.

Ut frå punkt 7.5 i reglementet er det ikkje krav om rentebinding. Rentebytteavtale med Nordea skal løpe ut perioden.

Langsiktig finansielle aktiva var ikkje aktuelt da reglementet vart vedteke.

Vår konklusjon er at finansforvaltninga stetter reglement og rutinar med unntak av manglande rapportering på mål og avvik i tertialrapportane.

Testing av utskriving av eigedomsskatt, etter endra regelverk og vedtak

I 2018 testa vi utskriving av eigedomsskatt ut frå eit utplukk frå digitalt kart. Vi testa vedtaka, takst og utrekning av eigedomsskatten og fann ikkje avvik i rutinane.

I 2019 er botnfrådraget for eigedomsskatt fjernet. Eigedomsskatten er satt til 1 promille. Vi har testa nokre bilag, for å sjå om det vart brukt rett sats. Ingen avvik er funne.

Vår konklusjon er at rutinane med utskriving av eigedomsskatt fungerer tilfredsstillande.

Kartlegging av IT-sikkerheit og informasjonssikkerheit

I oppstartsmøtet med rådmannen og økonomisjef hausten 2019 gjorde vi merksam på at vi vurderte å gjennomføre ei kartlegging. Rådmannen opplyste at kommunen sjølv hadde starta eit arbeid med å sikre sikkerheit og kvalitet. Vi har fått referat frå møte i arbeidsgruppe for GDPR – informasjonssikkerheit den 20.11.2019, og frå IKT-utvalet sitt møte 12.12.2019.

Vår konklusjon er at kommunen har fokus på temaet. Vi vil vente og følgje med på den kartlegginga og dei resultatane av arbeidet som kommunen sjølv er i gang med.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Rullerande kontroll av bundne fond

Kommunen har bokførte bundne fond på 13 millionar ved utgangen av 2019. Vi har kontrollert dei avsetningane som er gjennomført i 2019 mot tilsegnsbrev eller e-post med opplysingar frå einingsleiar.

Ubrukte bundne fond over kr 500 000 frå tidlegare år er kontrollert opp mot tilsegnsbrev og erklæringar frå einingsleiar om kvifor arbeidet som det vart søkt om tilskot til ikkje er gjennomført, og dermed at tilskotet står som bunde fond.

Vår konklusjon er at kommunen har gode rutinar for å følgje opp bundne fond.

Avvik i rekneskapen, som ikkje er vesentlege for vår konklusjon i revisjonsmeldinga.

Vi har ei grense for vesentlege feil på 5 millionar for Sykkylvenkommune. I utgangspunktet skal alle kjente feil rettast. Dersom det skulle vise seg å verte estimatavvik eller andre forhold/avvik etter avlagt rekneskap, kan vi akseptere avvik inntil 5 millionar utan at det vert presisering eller forbehold i revisjonsmeldinga.

Etter gjennomført revisjon står vi att med følgjande avvik som ikkje er korrigert:

- Tilskot til utgifter til ressurskrevjande brukarar vart ved avslutning av rekneskapen bokført etter beste estimat. Etter gjennomført utrekning av tilskotet er det rekna ut at tilskotet vil verte om lag kr 1,1 millionar meir enn bokført.
- Kommunen har hatt praksis for at rekneskapen ikkje har vore periodisert for
 - Straumutgifter desember om lag kr 700.000
 - Inntekter for pleie og omsorg for desember om lag kr 1,1 millionar
- Byggelånsrenter på om lag kr 700.000 er ikkje aktivert i balansen per 31.12. Dette påverkar ikkje årets resultat.

Ålesund, 29. april 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA

Anne Nygård

Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Mari Ann Yndestad
revisor

Sak 12/20 Risiko- og vesentlegvurdering – innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Vedlegg: Presentasjon frå forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, Møre og Romsdal Revisjon SA

Bakgrunn:

Sykkylven kontrollutval gjorde i sitt møte 12. februar 2020, sak 03/20 følgjande vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentleg vurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 100 timar.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

Kontrollutvalet skal i denne saka diskutere og vurdere moglege risikomoment i Sykkylven kommune med bakgrunn i innspel frå Møre og Romsdal kommunerevisjon. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva område det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Sykkylven kommune skal ha denne valperioden.

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.
- Kontrollutvalet får ei eiga sak i sitt møte kor ein får diskutere og vurdere moglege innspel til kommunerevisjonen sitt arbeid med sjølv analyse.
- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrix som identifiserer risiko og konsekvens; Høg/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av juni 2020.

Gjennom det løpande arbeidet vil både sekretariat og revisor opparbeide kunnskap som bør takast med i vurderinga, medrekna informasjon frå utført rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevelseskontroll og gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

Kontrollutvalet sjølv sit også med kunnskap som bør nyttast i risiko- og vesentlegheitsvurderinga. Gjennom saker utvalet har behandla, gjesting det har gjennomført, og kontakt det har hatt med andre politikarar, har utvalet informasjon om ulike forhold ved kommunen sitt arbeid. Kontrollutvalet kan involverast i arbeidet gjennom diskusjonar i møte. Denne saka er eit slikt forsøk på å involvere kontrollutvalet i dette arbeidet. Målsettinga med denne saka er å diskutere og påpeike moglege moment som kan takast med vidare i arbeidet med ei grundig og relevant analyse. Etter denne gjennomgangen vil det sannsynlegvis peike seg ut ein del område/aktuelle prosjekt som bør bli gjenstand for nærare vurderingar, og som dermed er aktuelle å ha med i plan for forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: _____ (fyllast inn etter diskusjonar og prioriteringar i møtet)

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

- grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon 2020 til 2023

SYKKYLVEN KOMMUNE

DIALOGMØTE MED KONTROLLUTVALET 13. MAI 2020

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Bakgrunn: Plan for forvaltningsrevisjon

2

Møre og Romsdal Revisjon SA skal utarbeide vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV) av kommunen si verksemd som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon jf. vedtak i kontrollutvalet 12.02.20

Skriftlege kjelder

Aktuelle dokument for gjennomgang

- Kommuneplan
- Planstrategi
- Kommunedelplanar
- Delegasjonsreglement
- Etiske retningsliner
- Innkjøpsreglement
- Finansreglement
- Økonomireglement
- Reglement for kommunale byggeprosjekt
- Budsjett og økonomiplan 2019 (2019 til 2022)
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Årsrapport 2018, 2019
- Tertialrapportar 2018 og 2019
- Revisjonsrapportar
- Tilsynsrapportar frå tilsynsmyndigheter
- KOFA avgjersler

Aktuelle statistikkar for gjennomgang

- Statistikk fra årsmelding
- Statistikk fra SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolen's Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk

Sektorovergripande område

1. Intern kontroll og avvikssystem
2. Openheit og innsyn
3. Arkiv og dokumentasjon
4. Digitalisering
5. Saksbehandling og klagebehandling
6. Offentlege innkjøp
7. Offentleg støtte
8. Etikk og varsling
9. Informasjonssikkerheit
10. Arbeidsmiljø
11. Samfunnssikkerheit og beredskap

4

Kommunale tenester - område

1. Barnehage
2. Grunnskule
3. Helse
4. Barnevern
5. Pleie og omsorg
6. Psykisk helse og rus
7. NAV/sosialtenesta
8. Kultur
9. Teknisk
10. Miljø

5


Vurdering av risiko- og vesentlegheit (ROV)

Risikofaktorer	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko- vurdering L = lav M = medium H = høy		Vesentlighet (risikonivå)
	Sannsynlighet for at risikofaktor inntre	Konsekvens om risikofaktor inntre	Sannsynlighet	Konsekvens	
Område			M	H	
Tjeneste			L	M	
Oppgave			L	L	

I ROV planlegg vi å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i forhold til sannsynlegheit og konsekvens, og med fargekodar.

Tenkt mogleg eksempel



Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høy		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Anskaffingar og innkjøp					
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Har verken innkjøpsstrategi, innkjøpsreglement eller rutinar. Har blitt dømt i KOFA fleire gonger.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekkja tillit og omdøme.	H	H	

Aktuelle problemstillinger

8

- ▶ Kva er dei største utfordringane og risikoområda for kommunen framover?
- ▶ Er det fagområde, sektorar eller verksemdar som har særlege utfordringar?

(barnehage, skule, vaksenopplæring, psykisk helse, rus, pleie og omsorg, helse, habilitering, flyktning, NAV, planarbeid, byggesak, næringsutvikling, landbruk, miljø, tekniske tenester, eigedom, brann, vatn, avløp m.v.)

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til brukarar og befolkning?

(brukarmedverknad, likebehandling, omdøme, kvalitet, informasjon, innsyn)

Forts. aktuelle problemstillinger

- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til organisering?
(ansvarsfordeling, kompetanse, rekruttering, arbeidsmiljø, Etikk, leiing)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til styring og styringssystem?
(Heilskapleg planlegging, internkontroll, rapportering)
- ▶ Har kommunen utfordringar i forhold til økonomi og ressursbruk?
(Økonomisk oppfølging, innkjøp og offentlege anskaffingar, fare for misleg framferd)
- ▶ Har kommunen utfordringar knytt til fokus på tvers av sektorar?
(Berekraftig utvikling, Folkehelse, Likestilling, Barn og unges interesser i planlegging)

“ Vi vil bidra til at innbyggjarane i vårt distrikt får enda betre kommunar å bu i ”

- Møre og Romsdal Revisjon